



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Terje Christensen

Referanser:
Dykker:
Vår: 15/1061 - 15/7174

Saksbehandlar:
Kristine Skaiaa Born
kristine.born@radoy.kommune.no

Dato:
26.06.2015

Søknad om riving av steingard

I samband med søknad om riving av steingard på gnr 31/4 var landbruksrådgjevar Kristine Born og kulturrådgjevar Bente K. Hervik på synfaring.

Steingarden som er ynskt riven er kring 15 meter og ligg mot Hålandsvegen. Steingarden heng saman med ein steingard som går mot nord-aust. Denne steingarden ynskjer eigar å behalda. Steingardane avgrensar hagen rundt våningshuset, som er av nyare dato (kring 1970-talet).

Landbrukskontoret handsamar søknad etter § 4 i Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket: «*Det kan gis areal- og kulturlandskapstilskudd for fulldyrket og overflatedyrket jord samt innmarksbeite som foretaket disponerer og driver aktivt på det tidspunkt eller i den perioden som fremgår av jordbruksavtalen. Det kan ikke gis tilskudd dersom det foretas inngrep som forringar kulturlandskapet. Dersom annet regelverk ikke er til hinder for det, kan kommunen likevel forhåndsgodkjenne inngrepet dersom det avhjelper betydelige driftsmessige ulemper*».

Det er henta inn muntleg uttale frå andre avdelingar.

Kulturminne

Bente Hervik har, som kommunal kulturminne mynde, kome med denne uttalen: «Den nordlege delen av steingarden er ramla ned, og den sørlegaste delen held på å rasa saman. På grunn av tilstanden til steingarden og fordi den ikkje er ein del av eit større kulturmiljø, er kulturminneverdien nokså låg.»

Forhold til andre lovverk.

Byggesaksavdelingen har vurdert det omsøkte som ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningsloven då det er i tråd med plan og eit mindre tiltak på bebygd eigedom. Kommunalt vegmynde har ikkje invendinger til tiltaket.

Landbrukskontoret finn at fjerning av steingarden avhjelper driftsmessige ulemper og førehandsgodkjenner ned plukking av 15 m steingard mot Hålandsvegen med føresetnad at steingarden som går mot nord-aust ikkje rivast.

Med helsing

Kristine Skaiaa Born
rådgjevar landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Terje Christensen